

A

Adresse:

Rimestadvegen 287, 4346 Bryne

Allergi:

Har barnet ditt matallergi treng me ei legeerklæring for å tilpassa kosthaldet for ditt barn. Viktig at de opplyser om alle typar allergiar barnet har.

Alle skal sjåast:

Alle barn skal verta sett kvar dag. Me skal ha varme blikk og møte barnet på ein god måte kvar dag.

AS:

Haugland gardsbarnehage AS er eit aksjeselskap der Kathrine Haugland eig alle aksjane.

Avdelingar:

Me har 3 avdelingar med denne aldersdelinga:

Gråtass: 0-2 år

Bronnhuset: 3 år

Løå: 4-5 år

B

Barnehageplass:

Ein søker barnehageplass via Time kommune si heimeside. Her må ein og registrere endringar eller seie opp plassen. Ein kan nytta plassen til ein startar på skulen. Har ein fått plass i barnehagen, treng ein ikkje søkja om plass kvart år. Søknadsfristen er 1.mars

Besøksdagar PPT og helsestasjon:

Kvar månad kjem PPT på besøk i barnehagen for å sjå og observera i barnegruppa. Dersom PPT skal sjå enkeltbarn, skal dette avklarast med føresette i forkant. Helsestasjon kjem på besøk to gonger i året.

Betaling:

Føresette vert fakturerte kvar månad frå september til juli. August er betalingsfri. Ein betalar nasjonal sats for plass og matpengar ut frå Time kommune sine satsar. Ein kan og vera med på bleieavtale. Ein kan søkja om gradert betaling på grunn av låg inntekt, dette gjer ein då på bustadkommunen si heimeside.

Betre tverrfagleg samarbeid:

Det skal vera trygt og godt å veksa opp i Time kommune. Det er utvikla ein portal som ein kan søkja kunnskap frå om ein er usikker på om barn eller unge har det trygt og godt, og kva du som vaksen eller tilsett skal gjera. Sjå gjerne denne sida for meir informasjon:

<https://time.betreinnsats.no/>

	Brannøving: Me har 2 brannøvingar med barn i året. Den eine er i samband med nasjonal brannvernveke på hausten. Begge øvingane er varsla for barna. Brukarundersøking: Utdanningsdirektoratet (Udir) sender ut brukarundersøking nasjonalt kvart år. Time kommune har bestemt at dei gjennomfører dette kvart andre år. Me gjer det same som Time kommune. Brukarundersøkinga gjer oss gode data på kva me kan strekka oss etter og jobba vidare med. Bursdagsfeiring: Me markerer barna sine bursdagar med krone, gode ord og tal. Me heng opp bilete og flag for den som har bursdag. Dersom de ynskjer å bruka hylla som postkasse for invitasjonar, skal alle av same kjønn, eller heile gruppa, i same årsgruppe verta invitert.
C	Celsius: Me er mykje ute i barnehagen. Barna treng klede for alle årstider. Om vinteren kan det verta kaldt om ned i minusgrader, og då trengs det ull og tjukke dressar. Om sommaren kan det verta veldig varmt. Me anbefalar at barna har ein solhatt eller caps som me kan verna dei mot sola. Circle of Security: Er egentleg eit foreldrerettleiingsprogram. Barnehagen nyttar seg av tryggleikssirkelen og arbeider etter forståinga av denne. Målet er å fremme gode samspelsrelasjonar og trygg tilknytning mellom barn og de tilsette i barnehagen.
D	Dagsrytme: Barnehagen opnar kl. 07:00 og stenger kl. 16.30. Barna kan ha med frukost. Me har inneleik fram til kl. 09:00. Samlinga startar etter rydding og me går i gruppeaktivitetar ute eller inne. Lunsj er kl. 11.00. Fast utetid frå 11.30 til 14.00. Me et frukt kl. 14.00 inne eller ute. Etter frukt varierer det om me er ute eller inne. Diaré: Om barnet har fått diaré, skal barnet vera heime 24 timar symptomfri. Barnehagen kan auka dette til 48 timar om det er mykje smitte blant barn og vaksne. De vil då få melding om dette. Digitale verktøy: Barnehagen har litt digitale verktøy som barna på 3-5 får verta kjent med gjennom gruppeaktivitet. Den eine pedagogen har vidareutdanning i digital praksis i barnehagen. Me har eit «edrueleg» forhold til faget, og me tenker at me gjer barna litt erfaring innanfor feltet.

	Dyra våre: I barnehagen har me kaninar. Dyra bur ute. Av og til får kaninane koma inn, dersom me har prosjekt som tilseier at det er smart med eit lite kaninbesøk. På garden er det mjølkekyr, storfe og eggproduksjon.
E	Eigar: Eigar er Kathrine Haugland E-post: kathrine@hgbhg.no Pedagogar har eigen e-post med sitt førenamn og @hgbhg.no Elevar: Me har frå tid til annan elevar innom i barnehagen. Ungdomsskuleelevar har eit fag som heiter arbeidspraksis. Då er dei gjerne ein ettermiddag i veka. I tillegg er det elevar frå vidaregåande som er utplasserte i ulike praksisar. Erasmus+: Me har delteke i ulike prosjekt med andre barnehagar i Europa. Dette gjer god læring og me får sjå korleis andre land tenker om barns utvikling og læring. Nå er barnehagen akkreditert, dvs. at me har fått midlar frå Erasmus+ til å reisa ut i Europa og sjå på spesifikke områder som me vel sjølv. Me er 3 frå barnehagen som reiser kvar gong, og me il sjå på god praksis på området Marte Meo, Unesco og Grønt Flagge (Fee-school), og digital praksis i kvardagen.
F	FAU: Barnehagen har eit foreldrearbeidsutval. FAU har ansvar for å arrangera dei sosiale aktivitetane som skjer i barnehagen. Feber: Barn med feber skal ikkje vera i barnehagen. Får barna feber i barnehagen, ringer me føresette og barnet skal hentast. Barnet skal vera heime ein feberfri dag. Ferie: Alle barn <i>skal</i> ha 4 veker ferie (+ 5 planleggingsdagar som vert rekna som den 5.ferieveka). 3 av vekene må vera samanhengande i tidsrommet 15.6 – 15.august. Barnehagen er stengt dei 2 siste vekene i juli. Dette er dei same vekene som Time kommune stenger sine barnehagar. Foreldresamarbeid: Me treng eit godt samarbeid mellom føresette og barnehage for å kunna levera god kvalitet i barnehagen. Målet er til det beste for barnet. Me har ulike former for samarbeid gjennom: • Foreldremøte – 2 gonger i året • Foreldrerådsmøte – 2 gonger i året og etter behov • Foreldresamtalar – 2 gonger i året

	• Foreldrearrangement – FN, bruktmarknad, julearrangement, slektskaffe, sommaravslutning • Informasjonsflyt i henting og levering Frukost: Skal barnet eta frukost i barnehagen, er det flott om de er komne til kl. 8:15 Førskulegruppe: I januar startar me opp med førskuleaktivitetar. Me har eit bevisst val om å starta etter jul, då me tenker det er lenge nok at barna skal ha eit fokus på skulestart og dei aktivitetane som følger med. I førskulegruppa har dei eit eige opplegg der dei får erfaringar med former, tal, bokstavar, ord og uttrykk som høyrer til skule og det å verta meir sjølvstendige. Dei besøker også skulen dei skal begynna på og av og til kjem lærar på besøk i barnehagen.
G	Garden som læringsarena: Me bruker heile garden som læringsarena. Me har faste fjosdagar der me besøker dyra som er på garden. Me lærer om kor maten kjem i frå, kva får me frå dyra, frå jord til bord, korleis kjem maten på bordet, kva må me gjera på jordene, etc. Grep om begrep: Metode som me nyttar for å styrka språket. Vert gjort i små grupper. Grønt Flag: Me er ein grønt flag – barnehage. Les meir her: https://grontflagg.fee.no/barnehage Gym på Hognestad: Kvar fredag (utanom skuleferiar) reiser ei gruppe barn frå Løå til hallen på Hognestad for å ha gym. Gruppene rullerer på kven som reiser.
H	Heimeside: Barnehagen si heimeside er: https://haugland.barnehage.no/ Heimesida er ein del av PBL Mentor kidplan som er vårt kommunikasjonsverktøy med føresette. Heimesida vil på sikt vera ei rein informasjonsside – mest retta mot andre som ikkje er ein del av barnehagen. Henting: Når de skal henta i barnehagen er det lurt å vera klar ovanfor barnet at nå skal me heim. Det er viktig at det er du som tek styringa. Dei som er seinvakt har på seg gule vestar. Dei skal kryssa ut barnet. Barnet kan hentast seinast kl. 16:30, men respekter dei tilsette si arbeidstid. Når klokka er 16:31 er barnehagen stengt – det er ikkje då de skal rydda i

	skapet eller liknande. Då skal de ta barnet med dykk og gå raskt ut av barnehagen. Historikk: Barnehagen starta 1.august 2000 som familiebarnehage heime i huset til Kathrine og Rune Haugland. Her var me i 4 år. I 2004 flytte me inn i eit brakkebygg (paviljongen) og vart ein ordinær barnehage, i påvente av å få byggja eit barnehagebygg. August 2008 stod ny barnehage klar. Det er kvart år ca. 44 barn, fordelt på småbarn og store barn. Talet på barn kan variera noko ut frå alderen på barna. HMS: Barnehagen har HMS-system, levert av PBL Mentor+. Alle tilsette har eigen brukar. Her vert det notert hendingar, avvik frå rutinar og tilsette får jamleg leseoppgåver ut frå kva HMS-tema me er i. Hundremeterskogen: Me har ein skog på andre sida av vegen for barnehagen. Denne skogen går me ofte på tur til. Her har me bygga vår eigen hytte, me har bål plass og me har ei brakke me kan gå inn i. Her oppbevarer me ein del utstyr Husmannspedagogikk: Når me skal forklara kva type pedagogikk me lener oss på, vert det husmannspedagogikk som er svaret. Det er 3 viktige omgrep knytt til dette: tid, tilgjengelighet og tilstedeværelse. På den måten inkluderer me barna og lar barn få lov til å gjera sjølv. Hygiene: Handvask er den viktigaste måten å unngå smitte på. Derfor skal barn og tilsette vaska hendene sine før ein går inn på avdeling. For å førebygge/hindre spreiding av smittsame sjukdommar bruker me eingongsartiklar ved stell av barn.
I	Inkluderande barnehagemiljø: Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens eigenverdi. Leik og vennskap er fundamentalt. Alle handlingar og avgjersler som vedkjem barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn. Me skal ha eit blick for barn som fell utanfor i leiken og for barn som har ei negativ påverknad i leiken. Internkontroll: For å sikra eit trygt og godt miljø for barn og vaksne er barnehagen pålagt å ha eit IK-system

J	Jæren maxitaxi: Me nyttar oss av Jæren maxitaxi sine tenester når me skal til hallen på Hognestad og når me skal på utflukter.
K	Kidplan: Me brukar PBL KidPlan som kommunikasjon mellom barnehage og heim. Føresette melder inn sjukdom, fri og ferie i dette systemet. Føresette og barnehage kan og sende beskjedar til kvarandre her. Det er og ein eigen kalender der me fører inn gruppene sine aktivitetar og meny for veka. Kjernetid: Kjernetida er frå 9.00 - 14.30. Me ynskjer at barna er levert til kl. 9.00. Kjem ein seinare enn dette, er det fint om barnehagen får beskjed. Klede: Det er viktig at barn har klede som passar til årstida me er i. Det må vera eit heilt klesskift i hylla til barnet. Barna treng gode uteklede og utesko. Det kan og vera lurt med tøflar til innebruk. Hugs merking av barna sine klede. Kommunikasjon: Det er viktig at barnehage og heim kommuniserer godt med kvarandre. Er det endringar i heimen, i nær familie etc. så kan dette ha innverknad på korleis barnet har det. Det er viktig å formidla dette til barnehagen. Barnehagen gjer beskjed til føresette når det er hendingar i barnehagen. Kosthald: Me verdset sunt kosthald. Me følgjer retningslinjene for «Bra mat i barnehage» som er utarbeida av helsedirektoratet. Me haustar mat frå grønsakhagen vår og me nyttar oss av bær og frukt frå trea. For oss er kortreist mat viktig for våre tankar om berekraftig utvikling. Me et sesongbasert og me øver på å smaka ny mat. Me har alltid grønsaker og egg til smøremåltid og eit variert påleggssfat til å velja i.
L	Leik: Me legg til rette for leik ute og inne. Leiken er ein viktig del av eit barns utvikling. Barna får leika på tvers av alder sidan me har aldersblanda grupper og felles uteområde. Levering: De kan levera barnet frå klokka 07:00. Det er ringeklokke i gangen på småbarnsavdelinga som skal nyttast. Ein vaksen kjem då og tek i mot barnet. På stor avdeling kan de velja om de vil følgja barnet inn til frukostbordet, eller om de vil ringa på klokka og at ein vaksen kjem og

	møter barnet. Sørg alltid for at du har hatt kontakt med ein vaksen i leveringa. Det er viktig at me får kryssa barnet inn. Lov om barnehagar: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64
M	Marte Meo: Me brukar Marte Meo som rettleiingsmetode av personalet i samhandling med barn. Personalet vert filma saman med eit eller fleire barn og få rettleiing ut frå kva me ser i filmen. Barnehagen er ein Marte Meo praktiskarbarnehage, noko som betyr at dei tilsette har vore gjennom ei kursrekke. Me har lært om dei ulike elementa i Marte Meo Metoden Mat og måltid: Barnehagen legg til rette for at barn kan eta frukost i barnehagen. Barna har med matboks med frukost, og dei får mjølk eller vatn til å drikka. Ca kl. 11.00 et me lunsj. Her varierer det om det er varmt måltid eller smøremåltid. Me serverar gjennomsnittleg 3 varme måltid i løpet av veka og 2 smøremåltid. Dette kan sjølvstendig variera noko. Ca kl. 14.00 er det fruktmåltid. 4 dagar i veka får dei ulike typar frukt, og 1 gong i veka får dei servert smoothie i staden for frukt. Dei dagane me har smøremåltid, får dei yoghurt med havregryn til fruktmåltidet, og dei dagane me har varm mat er det påsmurte skiver til frukta. Medisin: Av og til må barn ha medisin i barnehagetida. Då er det eigne skjema å fylla ut både for barnehagen og føresette. Medverknad: Barn har rett å få medverka i eigen kvardag. Barn uttrykkjer seg verbalt og non-verbalt alt etter kva alder det er på barnet. Personalet opptre sensitivt der me prøver å følgja barna sine initiativ så langt som det lar seg gjera. Merking av eigendelar: Hugs å merka barna sine eigendelar – klede, sko, matboksar, flaske til vatn, tuttar, etc.
N	Natur: Me ynskjer at barna skal få gode opplevingar i naturen. Me er derfor mykje ute i 100-meterskogen, og me reiser av og til ut på litt større naturutflukter. Nulltoleranse: Det er nulltoleranse for mobbing i barnehage. Om barnehage eller føresette opplev at barn vert utestengt frå lek, skal tiltak setjast i gang.

O	Opphaldstid: Barn skal ikkje vera lengre enn 9 timar i barnehagen Oppkast (omgangssjukdom): Barn skal vera heime 24 timar etter siste oppkast/diare- symptom. Dersom fleire barn/tilsette vert smitta, kan barnehagen innføra 48 timar symptomfri. De vil få melding om det vert endring. Oppseiing av plass: Det er 3 månader oppseiing av plass. Seier ein opp plassen etter 1.mars, må ein betala ut året. Oppstart: Nytt barnehageår startar 15.august kvart år. Me ynskjer at alle skal få ein så god start som mogleg. Me har derfor utarbeida ein eigen plan for tilvenning. Planen seier noko om korleis dei første dagane som ny i barnehagen vil vera. Me har i utgangspunktet 5 dagar som tilvenning. Opptak: Hovudopptaket er i mars kvart år. Føresette har frist til 1.mars å søkja barnehageplass. Plassar vert tildelt etter loddtrekning gjennom MyKid. Det er Time kommune som har ansvaret for portalen foreldre søker til. Me er med i samordna opptak i kommunen. Overgangssamtalar: Før skulestart har me samtalar med føresette om barnet som skal starta på skulen. Dette er overgangsskjema som vert overført til den skulen som barnet skal starta ved. Overgangssamtalane vert gjennomført i april.
P	Parkering: Me ynskjer parkering på oppmerka plassar. Er det fullt der, kan ein parkera langs med steingarden. Om morgonen er det bra om de ikkje brukar personalet sine plassar. Me ynskjer heller ikkje at de brukar Kathrine og Rune sitt gardsrom – med mindre dei har invitert til å bruka det. Dette gjeld for sikkerheita si skuld. PBL: Me er medlem av PBL (private barnehagers landsforbund). Dette er ein interesseorganisasjon som talar private barnehagar sin sak. Gjennom PBL har me også tariff- og pensjonsavtalen vår. Dei hjelper til med juridiske spørsmål, forsikringar, tilskott og alt som har med nasjonale barnehagesaker å gjera. Personalet: Me følger den lovfesta bemanningsnorma. Reinhald og vaktmeistertenester kjem utanom. I tillegg har me ekstraressursar inn dersom me har barn med spesielle behov.

	Planar: Me legg ut årsplan på heimesida vår. Me bruker kalenderen i Kidplan for å informera om kva planar dei ulike gruppene har. I tillegg er det mange ulike interne planar som me har i barnehagen, som for eksempel overgangsplan, progresjonsplan etc. Planleggingsdagar: Det er 5 planleggingsdagar i året. Dette er dagar som barnehagen er stengt. Dato for planleggingsdagar er lagt ut i Kidplan og du finn dei i årsplanen Politiattest: Alle tilsette må søka om politiattest før dei kan starta i jobben sin. Dette er for å sikra at personar som ikkje skal arbeida med barn får jobb i barnehage. Portar: Hugs å lukka igjen porten etter deg – og ta på lenka. Det er KUN vaksne som har lov til å opna portane
Q	Q-laste fjosloftet: Me har laga eit flott rom over fjoset med utsikt til kyrne. Her har me små grupper med oss og me har leseaktivitetar og ku-studie.
R	Rammeplan for barnehagar: Rammeplanen er ei forskrift om barnehagen sitt innhald og oppgåver. Rammeplanen kan du lesa her: https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/ Reinhald: Me har tilsett reinhaldar for dagleg reinhald av barnehagen etter stengetid. I tillegg har personalet gjennom HMS-systemet ulike oppgåver knytt til reinhald
S	Samarbeidsutval (SU): Barnehagen har eit SU. SU skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ, og det er sett saman av føresette, eigar og tilsettrepresentant. Arbeidsoppgåvene til SU er å godkjenna årsplanen, ta opp saker frå føresette, revidera vedtekter etc. Sjukdom: Barn og vaksne skal vera heime ved sjukdom. Barnets allmenntilstand vil vera avgjerande for om me ringer føresette. Føresette må også vurdere allmenntilstand før de leverar i barnehagen. Ved feber og omgangssjuka skal barnet vera heime minimum ein symptomfri dag.

	Soving i barnehagen: Barnet søv ute i vogner. Føresette har med eigen pose til å sove i. Barnehagen har vogner, men av og til må dei skiftast ut. Då ber me om at de tek med vogn til barnet. Det er føresette som i dialog med personalet set lengda på soveøkta for barnet. Me har sovevakt. Syskenprioritet: Sysken av barn som går i barnehagen har prioritet ved opptak. Når de søker plass til sysken skal de bruka eigen kode på søknadsskjemaet.
T	Telefon: Bronnhuset: 480 54 936 Gråtass: 481 20 195 Løå: 480 55 301 Kathrine: 990 46 866 Turar: Me går mykje på tur i nærmiljøet. Det hender også at me tek ut på lengre turar. Då bruker me maxitaxi for å koma oss rundt forbi på Jæren.
U	Unesco: Me er Noregs fyrste Unescobarnehage. Det betyr at me arbeidar etter FN sine berekraftsmål. Skulane har hatt lang tradisjon for å søkja FN om å vera Unescoskule. For å verta dette må me gjennom ein søknadsprosess der me viser korleis me arbeidar med fleire av berekraftsmåla.
V	Vaktordning: Personalet går vaktordningar. Dei har 7,5 timar arbeidsdag medan barnehagen er open 9,5 timar. Det er derfor ikkje full bemanning i heile opningstida. Vedtekter: Barnehagen har vedtekter. Desse finn du på barnehagen si heimeside. Endringar i vedtekter kan bare utførast av SU. Vikarar: Barnehagen har faste ringevikarar me kan kontakta om det er behov. Visjon: Barnehagen sin visjon er «Små steg – store spor». Me meiner at ved å ta små steg, kan me utretta store ting. Det er viktig å trø varsamt fram ved tilegning av kunnskap, å omgås andre mennesker, og ved måloppnåing.
W	WC: På småbarnsavdelinga har me ekstra små WC med tanke på pottetrening. Dette er ein god måte å læra seg å verta bleiefri.

X	X-tra klede: Ta alltid ein sjekk i skapet om barnet har nok ekstra klede med seg. Dersom me sender heim blaute klede, må de hugsa å fylla opp med nye klede.
Y	Yrkesgrupper i barnehagen: I denne barnehagen har me desse yrkesgruppene: - Barnehagelærer - Spesialpedagog - Fagarbeidar barn og ungdom - Assistent - Reinhaldar
Z	ZZZ: Sjå soving under bokstaven S Zumzum: Ute er det i periodar insekt – også når me er ute på tur. Gje alltid beskjed om det er allergi ved stikk
Æ	Ære: Me set vår æra i å gje eit godt barnehagetilbod. Me skal vera ein god barnehage for ditt barn. Me skal vera innovative og tenkja nytt. Me skal vera tileigna oss kunnskap og forvalta den kunnskapen me har på best mogleg måte.
Ø	Økonomi: Barnehagen har 2 inntektskjelder – foreldrebetaling og tilskott utbetalt frå kommunen. Sats for foreldrebetaling er styrt av regjeringa. Me kan ikkje ta høgare sats enn det som er den gjeldande nasjonale satsen. Tilskottet me får vert rekna ut frå dei kommunale barnehagane sitt rekneskap 2 år tilbake i tid. Dette betyr at det som dei kommunale barnehagane brukte i for eksempel 2022 ,er det som satsen til dei private barnehagen vert rekna ut frå som tilskott i 2024. Det er også priggitt kva kommune ein høyrer til, det er forskjell frå kommune til kommune. Dessverre.
Å	Årsplan: Me arbeider etter ein årsplan. Årsplanen legg ramane for barnehagen sitt innhald og mål. Det er ein årsplan for kvart barnehageår, altså gjeldande frå august til juli. Det er SU som godkjenn årsplanen. Barnehagen sin årsplan finn du på barnehagen si heimeside.